

Emnerapport

Emnekode og evt. tittel tema: ARK 301: Arkeologisk praksis

Semester: haust 2015

Emneansvarlig: Kjetil Loftsgarden

Andre lærere på emnet:

Kjetil Loftsgarden, AHKR

Tina J. Granados, AHKR

Anne Drageset, AHKR

Dag Erik Færø Olsen, AHKR

Simon Malmberg, AHKR

Daniel Löwenborg, AHKR/Uppsala Universitet

Kari Loe Hjelle, Universitetsmuseet i Bergen

David Simpson, Universitetsmuseet i Bergen

Sonja Innselset, Universitetsmuseet i Bergen

Thomas Bruen Olsen, Universitetsmuseet i Bergen

Anne Karin Hufthammer, Universitetsmuseet i Bergen

Kari Klæboe-Winther Kristoffersen, Universitetsmuseet i Bergen

Tor Arne Waraas, Universitetsmuseet i Bergen

Angela Weigand, Konserveringsavd., Universitetsmuseet i Bergen

Jostein Aksdal, Hordaland fylkeskommune

Undervisningsopplegget:

Undervisninga bestod av ei veke med teoretisk og praktiske føredrag om arkeologiske undersøkingsmetodar, samt handsaming av data og gjenstandar frå arkeologiske undersøkingar.

Det vart så gjennomført to veker med utgraving av ein steinalderlokalitet og ein jernalderlokalitet på Hallingskeid i Ulvik kommune. Studentane fekk grundig innføring i utgraving- og dokumentasjonsmetodar.

Så fulgte ei veke med arkeologisk registrering på Hissøyna i Fjell kommune. Her fekk studentane ta del i ein arkeologisk registrerings situasjon og opplæring i metodar og dokumentasjon knytt til dette.

Etter det fekk studentane to veker til å handsame funn og utarbeide ein individuell rapport frå utgravingane under rettleiing av Kjetil Loftsgarden, Anne Drageset og Daniel Löwenborg. Før dei fekk ei veke med lesing før ein skriftleg eksamen.

Pensum: Besto av oversiktsverk og vitenskapelege artiklar.

Kommentarer til evt. tilbakemelding fra studenter, evaluering eller eksamensresultater:

Det har ikkje blitt gjennomført ein studentevaluering av emnet, fylgjande kommentarar er frå emneansvarleg.

Emnet er praktisk og det er det einaste emnet der studentane får opplæring i ein utgravingssituasjon. Emnet kan ofte utgjera den einaste feltefaringa studentane har ved endt utdanning. Difor meiner eg at me bør reindyrke og spisse dette emnet. Ein bør vurdere å fjerne ein del av den britiske litteraturen og også fjerne den skriftlege eksamen. Studentane kan vurderast på bakgrunn av deira innsats og lærevilje i felt, samt den skriftlege rapporten dei skal utarbeide i etterkant.

Tiltak du vil vurdere for å forbedre undervisningen neste gang det undervises:

Veka med teoretisk og praktiske foredrag om arkeologiske undersøkingsmetodar fungerer bra, og forebur studentane til utgravingsdelen. I denne veka er det satt av ein dag til GIS-øvingar. Dette bør kuttast til to timer med innføring i innmåling og GIS. GIS-øvingane bør flyttast til etter utgravinga og registreringa. Då har studentane fått tatt del i innmåling og dei har reelle innmålingsdata å bruke i samband med GIS-øvingane.

Undervisningsfasiliteter:

Undervisningsfasilitetane har fungert bra, både den fyrste veka med foredrag og dei siste vekene med utarbeiding av rapport på tørrlaben. På tørrlaben har dei tilgang til fotoutstyr til gjenstandsfoto, kraftige datamaskiner til GIS og det er grei plass til alle studentane.

Undervisninga i samband med utgraving og registrering har føregått ute i felt, eller på hytta på kveldstid. Det at studentane får oppleve ein utgravings situasjon der dei må bu saman på hytte, samarbeide om å lage mat og oppleve ein reell feltsituasjon er svært verdifullt for å førebu studentane på arbeidssituasjonen som ventar dei aller fleste etter endt utdanning. Ein bør arbeide for at dette blir oppretthaldt også i tida framover.